



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	28.10.2013	019/13	SH
Kommunestyret	07.11.2013	069/13	SH

Saksansvarleg: Ståle Hatlelid	Arkiv: L12	Arkivsaknr.:
	Objekt:	12/834 - 12

Etablering av hyttefelt i område B4 - nord for Storesætra - vurdering av inkomne merknader - eigengodkjenning

Sakstilfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	10.05.2013	AG Plan og Arkitektur AS	Reguleringsplan - B5- Storesætra
5	I	14.05.2013	AG Plan og Arkitektur	Reguleringsplan - B4 - Storesætra
4	I	14.05.2013	AG Plan og Arkitektur	Reguleringsplan - B4 - Storesætra
11	I	26.08.2013	Norges vassdrags- og energidirektorat	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for hyttefelt B4 og B5 - Storesætra - Hornindal kommune

Saka gjeld

Vurdering av inkomne merknader og tilråding om eigengodkjenning av reguleringsplan for hytteområde B4 – nord for Storesætra.

Bakgrunn

I sak 10/13 gjorde planutvalet vedtak om å leggje reguleringsplan for hytteområde B4 nord for Storesætra ut til offentleg ettersyn. I høyringsperioden kom det berre inn uttale frå Norges Vassdrags- og energidirektorat NVE

NVE har ingen merknader til planen, og planframlegget blir lagt fram for kommunestyret til eigengodkjenning utan endringar.



Detaljert reguleringsplan for område B4

Drøfting

Då det ikkje ligg føre merknader til reguleringsplanen tolkar rådmannen dette som eit uttrykk for at planen i hovudsak løyser dei utfordringar hyttebygginga i område B4 vil medføre. Likevel er det uheldig at planen ikkje omfattar heile B4, slik området er avgrensa på arealdelen til kommuneplanen. Konsekvensane er at frådelling av tomter, samt oppføring av nye hytter og tilbygg/påbygg på eksisterande hytter, berre kan skje innafor det regulerte området. All slik aktivitet utanfor det regulerte området utløyser plankrav (reguleringsplan).

Det vert elles vist til sak 10/13 – vedtak om offentleg utlegging.

Økonomiske konsekvensar

Planen kan eigengodkjennast utan endring av plandokument m/ tilhøyrande føresegner, og kommunen sine kostnader vil i hovudsak vere avgrensa til kunngjering av eigengodkjent plan.

Framlegg til vedtak:

1. I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for hyttefelt B4 – nord for Storesetra.
2. Kommunen sitt planregister skal ajourførast i samsvar med dette vedtaket.
3. Eigengodkjent plan vert å påføre kommunestyret sitt saksnummer og vedtaksdato, og kunngjere dette i samsvar med *PBL* § 12-12.

Ann Kristin Langeland/s.
- rådmann -

28.10.2013 PLANUTVALET

PLAN-019/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET SAMRØYSTET:

1. I medhald av PBL § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for hyttefelt B4– nord for Storesetra.
2. Kommunen sitt planregister skal ajourførast i samsvar med dette vedtaket.
3. Eigengodkjent plan vert å påføre kommunestyret sitt saksnummer og vedtaksdato, og kunngjere dette i samsvar med PBL § 12-12.

07.11.2013 KOMMUNESTYRET

KS-069/13 VEDTAK SAMRØYSTES:

1. I medhald av PBL § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for hyttefelt B4– nord for Storesetra.
2. Kommunen sitt planregister skal ajourførast i samsvar med dette vedtaket.
3. Eigengodkjent plan vert å påføre kommunestyret sitt saksnummer og vedtaksdato, og kunngjere dette i samsvar med PBL § 12-12.

Kopi til:

Sakshandsamar for vidare arbeid

Hornindal 12.11.2013

Solfrid Otterdal Lien
- Sekretær -